



Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Oslo, 28. juni 2013

Innspel til kulturutgreiinga 2014

Noregs Ungdomslag vi innleiingsvis uttrykke glede over Kulturutgreiinga sitt perspektiv om at det lokale kulturlivet er grunnmuren i norsk kulturliv, og at det er avgjerande at denne grunnmuren blir styrkt.

Vi takkar for høvet til å kome med høyringssinnspel. Som ein stor folkeleg kulturorganisasjon, er vi naturleg nok oppteken av vilkåra for lokalt kulturarbeid, og vi vil i vår høyringsuttale kommentere tre område som vi meiner fortener auka merksemd:

- Hus/arenaer for utøving av kultur
- Støtte til opplæringsarbeid i dei frivillige kulturorganisasjonane
- Instruktørløn

Hus/arenaer for utøving av kultur

Noregs Ungdomslag er oppteken av den lokale infrastrukturen for utøving av kultur må styrkast. Alle kulturaktivitetar har behov for eit rom for øving og utøving, ikkje berre for framsyningar. Mange kommunar har bygd kulturhus gjennom dei siste 10-15 åra, og i kulturutgreiinga vert nettopp kulturhusa trekt fram som ein av budsjettvinnarane dei siste åra. Noregs Ungdomslag ønskjer å trekke fram at vi i Noreg har eit rikt spekter av kulturbygg, der berre ein del av desse er eigd og finansiert av det offentlege. Lokale lag og foreiningar er store eigarar av ungdomshus, forsamlingshus og grendehus. Lokallaga i vår organisasjon er åleine eigararar av nær 300 lokale ungdomshus. Desse husa er ofte både bygd og drivne på dugnad, utan vesentlege offentlege tilskot, og kan ikkje takast med i statistikken over budsjettvinnarar, som kulturutgreiinga peikar på.

Noregs Ungdomslag vil framheve behovet for eit nasjonalt løft for dei lokale organisasjonseigde kulturbygga. Desse husa representerer i langt større grad arenaen for utøving av det lokale kulturlivet, enn dei kommunale "signalbygga," som ofte er både vanskelegere tilgjengeleg og dyrare å leige øvingsrom i.

Det er mange tiltak som kan iverksetjast for å betre rammevilkåra for dei organisasjonseigde kulturbygga. Å innføre momskompensasjon på investeringar/nybygg på desse husa er døme på eitt slikt tiltak. På denne måten ville kulturbygga få dei same vilkåra som anlegg eigd av idrettslag. Opning av Enova sine støtteordningar for privateigde forsamlingshus, slik at dei kan få tilskot til energiøkonomisering er eit anna.

Støtte til opplæringsarbeid i dei frivillige organisasjonane

Utvalet stiller i kapittel 15.3 spørsmål om ein bør foreta ei oppsplitting av det forvaltningsmessige ansvaret for vaksenopplæringa, slik at dei organisasjonsrelaterte studieforbunda får sitt departementale tilknytingspunkt i Kulturdepartementet. Dette er eit forslag vi støttar.

Den frivillig baserte kulturaktiviteten er avhengig av jamn kompetanseheving for å vidareføre og vidareutvikle verksemda si. Vi bruker opplæring som eit viktig verkemiddel for å nå måla våre; både for å skolere instruktørar, og for å formidle vidare kunnskap og ferdigheiter innanfor ulike kulturuttrykk.

Dei statlege tilskota til opplæring gjennom studieforbunda er eit sentralt verkemiddel for å drive opplæring i organisasjonane. Til tross for nye intensjonar i ny lov om vaksenopplæring, og vekst i opplæringa dei siste åra, har statstilskota hatt ein reell nedgang dei siste åra.

Vi meiner at denne tilskotsordninga må bli styrka, for at dei overordna måla i lova om vaksenopplæring skal bli nådd. Vi meiner at auka tilskot til opplæring vil generere meir opplæring i organisasjonane. Vår vurdering er vidare at ei splitting av det forvaltningsmessige ansvaret vil medføre ei større bevisstheit om at opplæringsaktiviteten som skjer i organisasjonane er ein sentral del av sjølve grunnmuren i norsk kulturliv.

Instruktørløn

Utvalet foreslår i kapittel 12 og 15 at det blir innført ei dirigentlønsordning, og at denne etter kvart skal utvidast til ei instruktørordning. Dette er eit forslag vi støttar, men vi meiner at ordninga allereie frå starten av bør vere ei instruktørordning som femnar vidt, ikkje berre korps- og korrørsla.

Store delar av det frivillige kulturlivet har er eit sterkt behov for dyktige og kvalifiserte instruktørar for å tiltrekke seg nye medlemmer, og for at aktiviteten skal leve og vidareutviklast.

For å halde oppe og vidareutvikle den lokale kulturaktiviteten, er vi avhengig av kunnskapsrike instruktørar og pedagogar. Vi ser i dag at det er vanleg å løne kordirigentar, idrettstrenarar og korpsdirigentar i eit heilt anna omfang enn det er vanleg å løne instruktørar i andre delar av kulturlivet, t.d. innanfor amatørteater og folkedans. Fleire og fleire tek utdanning innanfor desse faga, og forventar også løn for arbeid dei legg ned i dei frivillige organisasjonane. Ei instruktørlønsordning vil kunne medføre at fleire tek på seg instruktøroppdrag for feltet, slik at den lokale aktiviteten kan leve vidare.

Noregs Ungdomslag meiner derimot at det ikkje bør opprettast ei ny ordning for å dekke dette behovet. Tilskota som blir gitt til opplæring gjennom studieforbunda er ei god ordning som treff breitt, og som bør famne om alle frivillige organisasjonar som allereie driv opplæringsaktivitet innanfor kulturfeltet. Vi meiner difor at ei instruktørlønsordning bør knytast til den eksisterande ordninga for tilskot til opplæring gjennom studieforbunda.

Vi håper innspela vil bli tatt med når den vidare kulturpolitikken for dei komande åra skal utformast.

Beste helsing
Noregs Ungdomslag

Endre Kleiveland/s
styreleiar



Eli Ulvestad
generalsekretær